



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Planutvalet	13.12.2012	021/12	SH
Kommunestyret	07.02.2013	003/13	SH

Saksansvarleg: Ståle Hatlelid	Arkiv: 143 Objekt:	Arkivsaknr.: 12/881 - 1
--------------------------------------	-------------------------------------	-----------------------------------

Revisjon av tematisk kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014 - 2017 - handlingsplan for 2013 m.m.

Sakstilfang / Lover / Plandokument

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	06.12.2012	Hornindal Idrettslag; Markane Idrettslag	Revisjon av tematisk kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014 - 2017 - lokal frist for søknad om spelemidler
3	U	08.02.2013	Atle Skrede	Revisjon av tematisk kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014 - 2017 - handlingsplan for 2013 m.m.

- *Plan og bygningslova.*
- Arealdelen til kommuneplanen for Hornindal.
- KS 079/08 – Revisjon av kommunal plan for idrett- friluftsliv og fysisk aktivitet 2009 – 2012.
- KS 016/12 – Rullering av kommunal plan for idrett- friluftsliv og fysisk aktivitet 2009 – 2012 – handlingsplan for 2012.
- Kultur og kyrkjedepartementet sin planleggar for idrett og fysisk aktivitet V-798B (2007).
- Kultur og kyrkjedepartementet føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2012 (V-0732 N).
- Kommunal plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2009-2012 m/ utkast til:
 - 11.1 Handlingsplan – ordinære anlegg 2013
 - 11.2 Handlingsplan – nærmiljøanlegg 2013
 - 11.3 Handlingsplan – friluftslivtiltak 2013
 - 11.4 Liste – uprioriterte anlegg

Saka gjeld

- Vidareføre gjeldande kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2009 – 2012 – til også å gjelde for 2013.
- Etablere kommunal plannemnd – med ansvar for revisjon av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014 – 2017.
- Varsle om oppstart av revisjon av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014 – 2017.

Bakgrunn

Gjeldande kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2009 – 2012 vart vedteken av kommunestyret i KS 078/09. Seinare har handlingsdelen av planen (prioritert liste over ordinære anlegg, nærmiljøanlegg og uprioriterte anlegg) vore gjenstand for årlege rullering, seinast ved vedtak i kommunestyret av 26.01.2012. Jf. KS 016/12.

I samsvar med regelverket skal kommunedelplanen reviderast kvart 4. år, men så langt er dette arbeidet ikkje utført. Det er likevel ikkje noko i vegen for at gjeldande plan vert forlenga til også å omfatte 2013, men då vil handlingsdelen av planen berre kunne omfatte anlegg som alt ”ligg inne” på ei av nemnde lister. (Utkast til ajourført handlingsplan for 2013 er lagt ved saka).

Drøfting

Idéelt sett burde saka som no vert lagt fram for kommunestyret omfatte revidert kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Men sjølv om dette ikkje let seg gjere inneverande år vil Hornindal kommune likevel kunne sende inn søknader om spelemidlar for 2013 – basert på ajourført handlingsplan for 2013. Alle dei store utbyggings- og rehabiliteringsprosjekta innafør idrettssektoren er omtala i dette utkastet, og med kommunestyret sitt vedtak vil handlingsplanen liggje som dokumentasjon og vedlegg til dei aktuelle søknadene.

I utkast til handlingsplan for 2013 vil det bli sendt inn fornya søknad om spelemidlar for fleirbrukshallen, varmastova i Grendadalen og kunstgrasbana. Desse ligg med prioritet 1, 2 og 3. Rehabilitering av Hornindal idrettspark ligg med prioritet 4, og ny søknad om spelemidlar vil bli sendt inn for dette anlegget. Rådmannen kjenner også til at det vil bli søkt om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planane for løypetrasé mellom Hjortedalen og Honndalssetra, og at Hornindal Skisenter AS ynskjer å søkje om spelemidlar til dette anlegget inneverande år.

Sjølv om gjeldande plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2009 – 2012 vert forlenga er det viktig å kome i gong med revisjonsarbeidet. Revidert plan skal følgje same mal som gjeldande plan og m.a. omfatte mål og strategi, relevante omgrep, Sogn og Fjordane fylke sine målsetjingar innafør idrett- og friluftsliv, resultatvurdering, søknadsgrupper og tilskotsordningar, utviklingstrekk, arealsikring, samt drift og vedlikehald. Skal planen vere realistisk må han også harmoniserast med kommunen sin økonomiplan og arealdelen til kommuneplanen. Det er også viktig å ha eit nært samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune i tilknytning til fylkeskommunen sitt arbeid med regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014 – 2017.

Departementet sin rettleiar rår til at planarbeidet vert lagt til ei administrativ arbeidsgruppe, og rådmannen vil føreslå følgjande samansetjing av gruppa:

- Oppvekst- og kultursjef
- Folkehelsekoordinator

- Plan- og bygnings sjef
- Representant for Hornindal idrettslag.

Før arbeidet vert sett i gong må det gjerast formelt vedtak om oppstart - og varslast i samsvar med reglande i plan- og bygningslova.

Økonomiske konsekvensar

Kostnader med etablering av nye og rehabilitering av gamle idrettsanlegg har auka mykje i seinare tid, og fleire av anlegga krev store kommunale investeringar. Spelemidlane utgjør ein viktig del av finansieringa, og for å kunne kome i løyvingssposisjon for slike midlar må kommunen ha naudsynt plangrunnlag o.a. ajourført dokumentasjon som vedlegg til søknadene. Det er difor viktig å kome i gong med revisjon av planen, og ut frå økonomiske omsyn er det mest tenleg at kommunalt tilsette står for arbeidet. Likevel bør også Hornindal idrettslag vere representert i arbeidsgruppa, sjølv om dette skulle koste nokre kroner.

Framlegg til vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 vert kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2009 – 2012 forlenga til også å gjelde for 2013.
2. Som del av godkjenninga under pkt. 1 inngår også handlingsplan for 2013 (prioriteringsliste for dei ulike anleggs-kategoriar). Jf. utkast til handlingsplan, datert 03.12.2012. (Vedlegg 11.1 – 11.4).
3. Kommunen sin økonomiplan skal vere styrande for gjennomføring av dei tiltak som i handlingsplanen føreset kommunal delfinansiering
4. Arbeidet med revisjon av planen skal starte snarast mogeleg på nyåret 2013, og utførast av ei arbeidsgruppe samansett av:
 - Oppvekst- og kultursjef
 - Folkehelsekoordinator
 - Plan- og bygnings sjef
 - Representant for Hornindal idrettslag.Arbeidsgruppa konstituerer seg sjølv, og vel leiar og sekretær.
5. Planen skal utformast i tråd med departementet sin rettleiar (V-798), og gjelde for perioden 2014 - 2017.
6. Før planarbeidet vert sett i gong må det kunngjerast i samsvar med plan- og bygningslova sitt regelverk.

Brita Sollid /s.
- rådmann -

13.12.2012 PLANUTVALET

PLAN-021/12 VEDTAK:

Samr.: Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedtekeI.

07.02.2013 KOMMUNESTYRET

KS-003/13 VEDTAK:

Samr.: Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke.

Kopi til:

Folkehelsekoordinator Hornindal Idrettslag Hornindal ungdomslag Indre Hornindal ungdomslag Kommunalsjef for oppvekst og kultur	v/Robert Grodås	6763	HORNINDAL
Markane Idrettslag Ordfører Rådmann Sakshandsamar til vidare arbeid	v/Eldbjørg Hatledal	6783	STRYN
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER

Hornindal 08.02.2013

Solfrid Otterdal Lien/s
- Sekretær -

